

INFORMASJON

Eit magasin frå Eidfjord kommune 1 | 2022 | Årgang 23

# EIDFJORD NYTT



**Dagsturhytta**

**Klimarisiko og klimatilpassing**

**Eidfjord Vikingfestival 2022**

**17. mai i Eidfjord**

# - Frivilligheita sitt år -

**S**amfunnet, det frie samfunnet me har, har ikkje oppstått av seg sjølv. Me er avhengige av fungerande fellesskap, felles verdiar og institusjonar som rettstryggleik, personvern, ytringsfridom, tillit, frie medium, næringsliv og frivillighet. Dette er henta frå innleiinga i Stortingsmelding nummer 10 2018-2019.

Frivilligheita er berebjelken for korleis me har funne saman for å løysa arbeidsoppgåver, fellesskap og det å hjelpe kvarandre. Det skapar tillit og har bidrege til at me har organisert samfunnet i meir og meir ordna former. Det skapar legitimitet for styresmaktene og den styreforma me har.

Det å gje ei hjelpende hand til andre, når du ser at nokon har behov for det, er kanskje det mest grunnleggjande i frivilligheita.

Frivilligheita er og grunnleggjande for dugnad. I eit historisk blikk oppstod dugnaden då det var behov for meir arbeidskraft enn det den einskilde familien, garden eller lokalsamfunnet hadde tilgjengeleg. Det var grunnleggjande oppgåver som måtte løysast. Me søkte saman for å løysa oppgåver som gagna andre, med ei vissheit om at neste gong kunne det gagna deg.

I dag har arbeidslivet, det organiserte samfunnet og offentlege tenester, overteke mykje av ansvaret for dei grunnleggjande behova våre. Frivilligheita og dugnadsarbeidet er avløyst av eit regelstyrt og rettigheitsstyrt samfunn som skal syta for at dei grunnleggjande behova vert dekka.

Under dei hardaste koronarestriksjonane då helse, oppvekst, offentlege tenester og arbeidslivet sto under størst press, vart det mana til dugnad. Det var då ei erkjenning av at me hadde større behov enn det desse strukturane var dimensjonert for. No er restriksjonane heva og me er meir tilbake til det normale.



Frivilligheita har likevel ei viktig rolle i kvardagen. Overskotet i kvardagen nyttar til frivilligheit i dag går til idrettslag, veteranbusslag, aktivitetssenter, Røde kors eller andre meir eller mindre organiserte fellesskap. Det er dette som er med å skapa gode samfunn og meiningsfulle arenaer for den einskilde av oss.

Krigen som utfoldar seg i Ukraina no er ein stor utfordring for Europa, og den er menneskeskapt. Ein av konsekvensane av krigen er at den har skapt ein flyktningstraum. Det har alt kome fleire flyktningar til Hardanger og Eidfjord.

Det er det offentlege som har ansvaret for å koordinera og syta for at behova til dei som har flyktta, vert møtte. Eit samspel

med det frivillige i samfunnet er me likevel avhengige av skal me få dette til. Eg vil gje ein stor takk til dei som har stilt husvære til disposisjon, kyrkja som har tilbydd aktivitetar, alle som har engasjert seg og har vore med å tatt godt imot dei som er komne.

Kor lenge krigen i Ukraina vil vara og kor lang tid det vil ta å byggja opp att det krigene riv ned veit ingen i dag, men me skal få det til i lag. No handlar det om å gjera det me skal og kan for dei som er her. Så håpar eg at me kan bruka frivilligheita og dugnaden til eit langsiktig arbeid med å byggja opp att Ukraina når den tid kjem.

Anders Vatle  
-ordførar-



Foto: Gunnhild Sandvin

# Innhold

4	Dikt av elevar i 5. klasse	18	Minecraft i 1. og 2. klasse på Lægreid skule
5	Ein meister med fargar	18	Turdag til Øvre Eidfjord
6	Utstillingsopning og festival i Eidfjord	19	Kulturprisen 2022
8	Dagsturhytta	20	17. mai i Eidfjord
10	Klimarisiko og klimatilpassing	22	Gravearbeid på Lægreid
11	Toneskredo	23	Prosjekt på Drift & Forvaltning
12	No vert det igjen ljos i Ungdomshuset	24	Galleri N. Bergslien – Utstillingar i 2022
12	Mekkekubb for ungdom	26	Maurset Landhandel
12	Påbygg på Eidfjordhallen	27	Nytt om Tinnhølvegen
13	Yoga	28	Kinoliste juni 2022
15	Eidfjord Vikingfestival 2022		
17	Spreke damer		

# Dikt av elevar i 5. klasse

Kniven er skarp.

Noko eg brukar ofte.

I slira ligg kniven min.

Var uheldig med kniven.

Eg fekk eit kutt i handa.

No har kniven ein pause.

Av: Lukas Stavanes

I lomma mi ligg det ein iPhone

Passe smart

Har mange appar

Og spel

Nokon meldingar og

Ein liten dings.

Av: Julie Elvebakk

## Kvit

Kvit er fargen.

Kvit er Uranus.

Kvit er snøen som detter  
i hagen og skyene som  
svever på himmelen.

Av: Andreas Zaring Heen

## Sko

Solar som stinkar stygt.

Seglar som skip i sølepytten.

Somme sko med striper og  
Somme sko med sand i.

Av: Julie Elvebakk

## Gul

Gul er ein farge.

Fargen er gul.

Gul er sola ,  
som skin der oppe på fjellet.

Av: Lukas Stavanes

## God sommar frå oss på Yx Eidfjord

Me har gass til grillen og brusmaskinen.  
Kaffe og te til mann og kvinnen.  
Slush og softis til varme dagar.  
Dette har me i alle fargar.  
Me har ellers masse til bilen.  
Som ladere til mobilen.

Kom innom til ei hyggelig handel.

Åpent kl: 08.00 - 22.00 Man - Fre  
09.00 - 20.00 Lørdag  
09.00 - 22.00 Søndag

Åpningstidene gjelder fra 27 Juni til ut August

Eidfjordvegen 269, 5783 Eidfjord. E-post: eidfjord@st.yx.no. Tlf: 47 97 03 06



# Ein meister med fargar

Tekst: Inger Kristine Riber

## Lansering av informasjonsfilm om Nils Bergslien

Fredag 2.9 kl 18:00 vert informasjonsfilmen «Ein meister med fargar» lansert i Eidfjord Kino, som ein del av Galleri N.Bergslien sitt 20-årsjubileum.

Sidan hausten 2021 har ei aktiv aktiv arbeidsgruppe gått i Nils Bergslien sine fotefar under leiing av Inger-Kristine Riber. I filmen medverkar mellom anna kunstprofessor Gunnar Danbolt frå Universitetet i Bergen, Ole Didrik Lærum og Knut Hamre som forteljarar.

Det har vore eit detektivarbeid å freista finna fram i dei lause trådane, og prosjektgruppa har arbeidd seg gjennom avisarkiv, bøker, biletsamlingar, og vitja samlarar og museum for freista finna fram til nokre nye «godbitar». Mellom anna resulterer det at det i samband med filmen vert gitt ut ein CD med Edvard Grieg og Holger Drachmann sitt opus: Reiseminder fra fjell og fjord, som vart til etter at Grieg og Drachmann hadde vitja Nils Bergslien i 3 veker sumaren 1886. Der finn ein mellom anna songen *Ragna* som handlar om Nils Bergslien si dotter med same namn. Litt av denne songen vil også vera med i filmen.


Informasjon om kortid ein kan sjå filmen vil verta kunngjort i samband med plakatar og flyers knytt til Galleri N. Bergslien sitt jubileum, og på Eidfjord kommune sine digitale flater. Under kan de sjå nokre bilete frå arbeidet undervegs.



Landskapsfilming i Eidfjord med drone og kamera



Filming av samtale med Gunnar Danbolt



Filmfotograf Jørjan Mjelde dokumenterer måler i Voss Sparebank



Knut Hamre og hardingfela etter Nils Bergslien på Mølster tunet, Reidun Horvei i bakgrunnen



Julian Misic filmar samtale med Ole Didrik Lærum



EIDFJORD KOMMUNE



# Utstillingsopning og festival i Eidfjord 24. –25. juni

Tekst: Harding Puls

Kunstnarorganisasjonen Harding Puls er mottakar av Eidfjord kommune sitt kunstnarstipend i 2022.

Pianoet har lenge hatt ein kulturell verdi i det vestlege samfunnet. Det er eit av dei dyraste instrumenta å kjøpa, og det tek år med øving for å meistra instrumentet.

Du må forplikta deg til å læra å spela eit piano før du i det heile kan tenkja på å eiga eit konsertflygel. Denne dedikasjonen er ein indikasjon på dei kulturelle verdiane

som er grodd inn i det vestlege samfunnet: hardt arbeid, dedikasjon og å vera uthaldande. Det akustiske pianoet er dyrt og krev vedlikehald, og på nettstaden Finn.no vert det dagleg lagt ut nye instrument som vert gjeve bort gratis mot henting eller kasta. Me lever i eit samfunn som i større og større grad verdset berekraft, og Harding Puls vil med sitt kunstprosjekt «Fjord Pianorama» gje ti piano samla inn via finn.no lengre levetid. Visuelle kunstnarar skal medverka i prosjektet med å dekorera instrumenta og vidare stillast ut i Galleri N. Bergslien og i to drivhus i Eidfjord sentrum frå 24. juni – 22. august 2022.



Foto: Ingerid Jordal

## Kunstprosjekt inspirert av Streetpianos

I 2003 byrja Luke Jerram å måla ulike piano og let dei stå i offentlege rom slik at folk kunne spela på dei. Prosjektet har vorte gjennomført i mange land i verda, inkludert: Australia, Belgia, Canada, USA, Kina, Frankrike, Tyskland, Ungarn, Irland, Italia, Japan og New Zealand. Harding Puls gjennomfører prosjektet for aller første gong i Noreg under tittelen «Eidfjord Pianorama», som er ei vidareføring av prosjektet til Jerram som heiter «Play Me I'm Yours».





## **Bruk og kast av piano – eit tap av kulturelle verdiar**

Pianoet har vore ein integrert del av vestleg kultur i århundre. Det vart oppfunne av Bartolomeo Cristofori på 1700-talet, og utvikla seg til å verta eit populært statussymbol for overklassen; nytt til å formidla kjensler og kulturelle verdiar gjennom musikk. Det elektriske pianoet er eit relativt nytt instrument som har vorte introdusert i det siste århundret. Det er billigare enn det tradisjonelle pianoet og det har vorte ein viktig del av popmusikken. Sjølv om elpianoet i utgangspunktet vart sett på som ei erstatning for det tradisjonelle pianoet, ser fleire og fleire på det som eit kulturelt tap.

## **Tingingsverket #Arvesylv – fokus på eit piano sine kulturelle verdiar.**

Prosjektet freistar setja ljós på måten me verdsett gjenstandar på og kva me gjer med dei når dei ikkje lenger er naudsynlege for oss. Eit piano er eit instrument som i nokre tilfelle vert gjeve til velgjerande stadar, men i mange høve vert det brukt og kasta. Musikkverket vert skrive i samarbeid mellom komponistane Ragnhild T. Haugland og Inger-Kristine Riber. Idéen deira er å nyttja lydopptak av eit piano som har stått ute i vær og vind gjennom eit heilt år. Desse lydane vert sett saman og bearbeidd slik at dei kan nyttast som elektronikk i samspel med «live» framføring med Riber på piano. Til prosjektet hører det også ein visuell del i laga av fotograf Ingerid Jordal. #Arvesylv kan opplevast som biletspel og lydinstallasjon i Galleri N. Bergslien i utstillingsperioden 24.juni – 22.august 2022.

Hjarteleg velkomne!

Med venleg helsing,  
styret i Harding Puls

## **Festival 24.–25.juni PROGRAM**

**24.–25. juni innviterer Harding Puls til opning av utstillinga Fjord Pianorama og festival på 1000-årsplassen ved kommunehuset i Eid fjord sentrum. Det vert eit variert program laurdagen med aktivitetar som høver alle aldrar.**

### **Fredag 24. juni**

**18:00**

Uframføring av #Arvesylv og opning av utstilling i Galleri N. Bergslien ute.

### **Laurdag 25. juni**

**12:00–14:30**

Gratis program for store og små og enkel café på 1000-årsplassen.

**11:00–17:00**

Ope utstilling i Galleri N. Bergslien

#### **Medverkande kunstnarar:**

**Visuell:** Kwestan Jamal Bawan, Åse Berit Skeie Ulltang, Anne Hesvik, Aud Bækkelund, Judith de Haan, Linda Lid, Ingerid Jordal, Johild Mæland, Guro Øverbye, Else Karin Tysse Bysheim, Wenche Kvalstad Eckhoff.

**Utøvande:** Arnhild Littlere, Merethe Gauden, Knut Hamre, Reidun Horvei, Rannveig Djønne, Arild B. Nielsen, Annlaug Børshheim, Ragnhild T. Haugland, Inger-Kristine Riber, Annabel Guita og Dag Arnesen.



**Arnhild**



**Annlaug**



**Annabel**



**Dag**




**Knut**



**Rannveig**

# Dagsturhytta



Mogleg plassering av dagsturhytta på Varbergshaugen.

Tekst og foto: Bente Elin Hereid og Bergljot Maria Veivåg Hauso

Eidfjord kommune har vedteke å byggja dagsturhytta i Eidfjord. Plassering av hytta har vore ein omfattande prosess som har teke lang tid.

Dagsturhytter finn du no i heile Vestland fylke, det var fylkeskommunen og Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane som tok initiativ til dagsturhyttene, først i Sogn og Fjordane og seinare i heile Vestland fylke. Målet med hyttene er å stimulera turgleda i trygge rammer, med eit flott turmål 15 – 90 minuttars gange frå løypestart, der du kan eta matpakka di, varma og turka kroppen ved peisen, og kosa deg med bøker frå hyttebiblioteket.



Fint på Varbergshaugen i Ø. Eidfjord. Kva med å byggja nett her?

## **Det er mange kriterium som skal oppfyllast, mellom anna:**

- Lett tilgjengeleg, først og fremst for born og unge
- Maks 15 minutt med bil frå kommunesenter
- Maks 700 meter over havet
- Tilgjenge til sti, moglegheit for rundløype
- Tilgjenge heile året

Dagsturhytta vart i fyrste omgang sett til Varbergshaugen der det vart gjort avtale med grunneigarar. Grunna rasfarevurderinga av Tussafoten vart heile byggeprosessen sett på vent medan me venta på dette. Sidan dette tok litt tid vart arbeidet med

alternativ plassering starta rundt årskiftet. Dette har ført til at me no har to alternativ til plassering og to grunneigarar som er positive til å ha dagsturhytta på sin eige-dom. Sak om plassering av hytta vil difor verta handsama politisk i juni 2022.

Dei to alternativa me har til plassering no er Varbergshaugen i Øvre Eidfjord og «Randolie» på Lægreid, i Eidfjord. Dei to stadane har ulike kvalitetar som gjer at begge to kan vera gode plasseringar.

Hytta på Varbergshaugen er plassert i ei eksisterande rundløype, der du kan gå vidare til fleire ulike turmål. Plasseringa er i skog med mange kulturminne i området. Skogen er flott leikeareal for born og ein lun stad å vera. Hytta vert tilgjengeleg for

alle, det vil vera mogeleg å koma dit om du er dårleg til beins og med barnevogn.

Hytta i «Randolie» er plassert med flott utsikt frå Eidfjordvatnet og heilt til fjorden. Arealet rundt hytta er berg og skog. Det må tilretteleggast sti til hytta for å betra tilkomsten. Skule og barnehage har i dag ein gapahuk som turmål litt nedan-for plasseringa til dagsturhytta og nyttar området ofte. Hytta vert ikkje tilgjengeleg for dei som er dårleg til beins, eller med barnevogn.

Når plasseringa er vedteke vil me utlysa ein namnekonkurranse. Me håpar å starta bygging av hytta så snart som råd, men det vert sannsynlegvis ikkje opning før i 2023.



*Utsikt frå mogleg hytteplassering på Randolia.*



# Klimarisiko og klimatilpassing

Tekst: Timo Knoch

fjor august varsla FNs generalsekretær António Guterres «kode raud for menneskeheita» under presentasjonen av FNs klimapanel sin sjette hovudrapport, del 1. Denne rapporten slo fast at den globale gjennomsnittstemperaturen allereie har auka med 1,1 grader og at berre raske, omfattande og vedvarande utsleppskutt vil kunne avgrensa oppvarminga til 1,5 grader. I andre delen av rapporten som vart lansert i februar i år, peikar forskarane på at klimaendringar allereie fører til skader for menneske og natur, og at verknadene framover vil verta meir komplekse og gjera forvaltninga meir utfordrande.


For Eidfjord kommune er det viktig å auka sin kunnskap om klimaendringar og korleis ein kan tilpassa til konsekvensane av desse. I kommunedelplanen for klima og energi sin handlingsdel for 2021 var dette eit prioritert tiltak, og omtrent til same tid som António Guterres varsla kode raud planla Eidfjord kommune eit todelt kompetansetiltak. I september informerte Stephanie Mayer og Terje Wanvik frå NORCE om forventa klimaendringar og klimarisiko i Indre Vestland. Opptak av dette webinaret ligg på Eidfjord kommune si facebook-side. I november hadde NORADAPT, Norsk senter for berekraftig klimatilpassing, ein workshop om klimatilpassing i kommunalt planarbeid og ei innføring i verknadskjedeanalyse, ein metode for klimarisikovurdering.

Kunnskap må føra til handling. Staten har konkrete forventningar til kommunal klima- og energiplanlegging, m.a. at

klimaarbeidet vert organisert tverrsektorielt og at klima må inn i arealplanlegging. Av den grunn er eit prioritert tiltak for 2022 å delta i KS sitt klimatilpassingsnettverk; målet for nettverksarbeidet er å få fagleg input, erfaringsdeling mellom dei deltagande kommunane, definera eigne utfordringar og forankra arbeidet i lokale prosessar. Når Eidfjord kommune no skal rullera kommuneplanen sin arealdel, er klima og klimatilpassing naturlege tema å ta opp i denne samanheng; å tilpassa seg eit klima i endring er nemleg ofte assosiert med å førebyggja fysiske skadar på infrastruktur og bygningar forårsaka av naturhendingar som flaum og ekstremnedbør. Men kampen mot klimaendringane og overgangen til eit nullutsleppssamfunn vil også kunne få konsekvensar – ikkje minst økonomiske - på andre område; her snakkar ein om overgangsrisiko. Korleis vil færre snødagar på fjellet, strengare

klimakrav til cruiseskip og endra forbrukaråtferd påverka samfunnsutviklinga i Eidfjord framover?

Klimaomstilling er eit omgrep som famnar både utsleppsreduksjon og klimatilpassing; dette arbeidet er eit fellesløft, ein dugnad der heile (verds)samfunnet har eit ansvar; den einskilde, hushaldninga, næringslivet og myndigheiter.



# Toneskredo

**T**ysdag 10. mai arrangerte Toneskredo basar på samfunnshuset. Det var tydeleg at dette var noko eidfjordingane hadde sakna, for salen vart fort fylt opp.

Dei frammøtte nytte flott song og gode kaker denne kvelden. Det var også åresal og trekning av loddboeker. Toneskredo ynskjer å takka næringsliv, private bidragsytarar og Eidfjord kommune for givarglede, støtte og flotte gevinstar. Ein stor takk også til Bjørne som ordna og hjalp til med god lyd, slik at koret kom til sin rett.

I tillegg til Toneskredo sine songar, fekk publikum også nokre musikalske perler fra

Eidfjord kyrkje sitt barnekor, og frå dei tre jentene til Tom Jarle Istad Kristiansen.

Toneskredo har klart å vera aktive gjennom heile koronaen, saman med dirigent Tom Jarle Istad Kristiansen. Koret var 30 år i 2020, og hadde planar om storstilt feiring med både tur og konsert. Dette måtte utsetjast slik som mykje anna dei siste åra, men til hausten skal det feirast! Det vert også tradisjonell jolekonsert, som me veit

mange set stor pris på. Me er svært glade for at Tom Jarle held ut med oss, og fortset som dirigent.

Dersom du er nysgjerrig på korleis det er på korøving, er du hjartelag velkommen innom. Me er ein god gjeng som møtast annankvar måndag kl.19-22 i kyrkja, og me har alltid plass til fleire!

For styret,  
Hilde Anette Bu



Dirigent Tom Jarle Istad Kristiansen og Toneskredo. Foto: Bjørne Møen

## No vert det igjen ljos i Ungdomshuset

Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso

I desember 2021 vedtok kommunestyret at Eidfjord kommunale fritidsklubb skal flytta sin aktivitet inn i ungdomshuset.

I løpet av juni håper me å koma i gang med dei utbetringane som må gjerast i huset før det er klart for ungdommane. Me skal mellom anna laga ei ny rømningsdør i kjellaren og pussa opp kjøkken og sal i kjellaren. Salen oppe med sceneteppet skal ikkje gjerast noko med så dette får stå urørt. Her vert det god plass til dans, musikk og aktivitetar på scena.

Ungdomsklubben og ungdomsrådet kjem til å søkja om midlar frå Frifond til utstyr. Me vil nytta høvet til å byta ut gamle og slitte møblar samt utvida aktivitetsutsyret vårt. Me gleder oss til å få betre plass og til å vera samla innanfor ei dør.

Planen er å vera klar til å ta i bruk den store salen frå opninga i august, men kjøkkenet og salen nede vil ta litt lengre tid før det er klart. Fritidsklubben har godt besøk i dag og me håpar at endå fleire kjem innom oss i nye lokale.



## Statkraft

**Statkraft er størst i Europa innan  
fornybar energi.**

Konsernet produserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjernvarme, og er ein viktig aktør på dei europeiske energibørsane.

Gjennom eigarskap i andre selskap vert det levert straum og varme til om lag 600 000 kundar i Noreg.

Statkraft Kraftverksgruppe Hardanger har drifts- og vedlikehaldsansvar av alle Statkraft sine anlegg i Hardanger.

Totalt Hardanger: 1870 MW / 6500 GWh

Med dagens kraftpris representerer dette ei verdiskaping tilsvarande 2 Mrd/NOK/år  
Kraftverksgruppe Hardanger har 50 tilsette og 5 lærlingar.

Statkraft kjøper varer og tenester i regionen for store summar kvart år, og er ein aktiv støttespelar i høve til idretts- og kulturlivet i Hardanger.


Vertskommunane til Statkraft har òg store inntekter kvart år frå skattar og avgifter i samband med kraftproduksjonen.

[www.Statkraft.no](http://www.Statkraft.no)

## Mekkeklubb for ungdom

Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso

Ungdomsrådet kom hausten 2021 med ynskje om eit lokale til mekking. Drift & Forvalting var særstilte til å finna eit lokale, og har rydda og delt av ein garasje ved fellesbygget på Lægreid som ungdommane disponerer. I mars var lokalet klart til bruk, og sidan har det vore aktivitet der kvar dag. Mekkeklubben er foreldrestyrt og er open for ungdom frå 7. klasse, alle er velkomne.



Bilete: Tobias Meel Myrvang

## Påbygg på Eidfjordhallen

Tekst: Bergljot Maria Veivåg Hauso

I 2021 vart det gjennomført eit forprosjekt i høve til påbygg på idrettshallen. I budsjettbehandlinga i desember 2021 vedtok kommunestyret å framskunda bygginga og budsjetterte dette inn i 2022.

Sidan nyttår har ei arbeidsgruppe arbeidd med å innhenta innspel frå brukargrupper, og finna ut kva dette påbygget skal innehalda og korleis det bør utformast. No er me kome så langt at arkitektane held på med ferdige utkast til teikningar basert på dei innspela me har fått inn. Påbygget vil innehalda eit større treningssenter og grupperrom/spinningrom. Påbygget er tenkt på framsida av bygget mot skulen.

Det er mykje arbeid fram til byggjestart som er planlagt i 2023.



Anita Limstrand og Kari Varberg.

# Yoga

**Hausten 2020 fullførte Kari Varberg og Anita Fredheim Limstrand 200YTT yogalærarutdanning i Bergen. Dei har i vår hatt yogatimar på Gamleskulen og på Sæbø skule.**

Yoga er ei skånsam trening for kropp og sjel. Det fantastiske med yoga er at det finst noko for ein kvar smak, og du er aldri for ung eller for gamal for å prøva yoga. Yoga kan praktiserast ståande, sitjande og liggjande. Ein arbeider med mjuk rørsler og tek utgangspunkt i kvar einskild sine føresetnader saman med pust og avspenning. Gjennom å pusta kan me mellom anna frigjera spenningar i kroppen, slappa av mentalt og få tatt seg igjen både i kropp og sjel. Yoga er så mykje meir enn det fysiske, det handlar mykje om å skapa balanse og harmoni mentalt sett.

## Fordelar med yoga:

- Forbetrar balansen
- Styrkar kroppen sine ledd og musklar, som førebygg skadar
- Sirkulasjonen i kroppen aukar
- Kroppen si rørsleevne vert større når me mjukar opp og strekker musklane
- Bidreg til betre søvn
- Skaper fred og ro i kropp og sjel
- Kan redusera angst
- Gje auka fokus

På timeplanen i vår har me hatt mjuk yoga. Alle timar startar med å landa på matta og i oss sjølv ved bruk av pusteteknikk før me startar på oppvarminga. Me går gjennom ulike yogaposisjonar i roleg tempo før timane vert avslutta med ei lang, god avspenning. Her roar me heilt ned og bruker puter og teppe for å gjera posisjonane behagelege. Målet er å lindra

smerter/spenningar i kroppen, redusera stress, auka fleksibiliteten i heile kroppen og gje ei kjensle av ro og lettheit.

Senioryoga har vore på Sæbø skule annankvar onsdag. Dette er ein time for deg som er 65+. Yoga er skånsam og morosam trening som gjev gode helsegevinstar. Yoga for eldre trener både rørsleevne, styrke og balanse, noko som vert viktigare og viktigare dess eldre me vert. Me bruker stol til støtte og alle stillingane gjennomførast i eit roleg tempo. Kvar time vert avslutta med ei god avspenning. Til hausten planlegg me å utvida timeplanen med mellom anna yoga for menn og dynamisk yoga.

Yoga for stive menn er som namnet tilseier ein yogatime for menn. Du treng ikkje vera stiv for å delta, men dette er ein time der det er meir enn greitt å vera stiv som ein stokk. På denne timen er det fokus på fysiske øvingar, pust og avspenning. Du vil garantert verta mjukare og rolegare til sinns.


Dynamisk yoga er ein time der me aktiverer heile kroppen. Me varmar opp kroppen før me går inn i sekvensar der stillingane vert sett saman til flytseriar. Her vil du oppleva at varmen stig i kroppen, litt sveitt i panna, pulsen aukar og hjarte slår fortare. Her får du ein fin balanse mellom energigjevande stillingar og rogevande stillingar. Timen avsluttar med ein rolegare fase før me landar i ein velfortent shavasana (avspenning) ved timens slutt.

No har me avslutta kursa for sommaren, men me gleder oss til å starta opp med nye timar i løpet av september. Yoga passar for alle og me håper at du har lyst til å koma og vera med oss til hausten.

Informasjon om komande timeplan vert lagt ut på Facebook Yoga med Kari, Anemone Yoga og på heimesida Anemoneyoga.no



Og kva for bokstav er dette, tru?



I kvileposisjon.



# Eid fjord Vikingfestival 2022

Tekst: Hardanger Guide Service AS v/ Mark og Claudia

**N**oreg markerer i 2022 vikinghistoriejubileum! For 1150 år siden gjorde Harald Hårfagre seg til konge, i første omgang over større delar av Vestlandet, etter han hadde vunne slaget ved Hafrsfjord i 872. Det blir eit stort fokus på vikingtida i heile landet, spesielt i Rogaland.

Eid fjord har ei sterk vikinghistorie og vil på vegne av Hardanger markera jubileet 24., 25. og 26 juni, 2022 med fokus på autentisitet.

«Eid fjord Vikingfestival 2022» er et pilotprosjekt som skal setja Eid fjord på

kartet i eit historisk perspektiv, med overføringsverdi til andre historiske festivalar i framtida for regionen. Festivalen vil føregå både i Øvre Eid fjord og Eid fjord sentrum.

Hovudmålet er å setja fokus på ei flott, rik og ikke minst relativ ukjent Vikinghistorie

frå Hardanger, gje det levande igjen og forståeleg for folk flest, ikkje minst for barn og ungdom, gjennom foredrag, barneaktivitetar og kulturelt innslag i Eid fjord, og demonstrasjon av vikingskipsbrygging, handverk og aktivitetar på ein vikingmarknad i Øvre Eid fjord.



## FESTIVALPROGRAM I EID FJORD

### Foredrag fra UIB – Eid fjord Fjell & Fjord Hotel:

Anne Drageset – arkeolog og stipendiat ved UIB – skal halda foredrag om utgravinger frå vikingtid og eldre jernalder på det store Hæreidgravfeltet i Eid fjord (2015), samt om Kvinnegraven fra Trå i Granvin, det største og rikaste funn i Hardanger frå vikingtida.

Søren Diinhoff – arkeolog ved UIB – skal halda foredrag om utgravings-prosjektet Menes-Vik-Lægreid (2016–2017) med funn av 5 Langhus.

### Foredrag av Kjell Braaten – Fjell & Fjord Hotel:

Kjell Braaten - musikar, komponist og produsent – skal halda foredrag om vikingane sin song og musikk. Ei musikalsk reise tilbake i tid.

### «Utstilling Hafrsfjord 872» – Fjell & Fjord Hotel:

Me skal ha ei utstilling bygd av Lægreid skule rundt temaet «Vikings». Barnehage, SFO og skular skal engasjera seg og utstillinga skal vera på Eid fjord Fjell & Fjord Hotel.

### «Vikingskipet Tyra» i Eid fjord:

Å ro eit vikingskip i takt er ei ganske unik opplevelse. Me tilbyr roturar som varer omlag ein time med maksimalt 12 personar samstundes. «Tyra» vart bygd i 1997/1998 av Jakob Helseth i Bjørkedalen og har seilt blant m.a. til Shetland, York og Kiel.

### Tunet på Haugen – «Gamlalø»:

«I Vikingane sine fotspor i Hardanger»: omvising i vikingutstillinga med Ravenheart Hardanger med fleire autentiske kopiar av lokale funn og dokument om lokal vikinghistorie. Guida turar til Hæreid.



## Barneaktivitetar:

«Flatbrødsteiking på vikingmåten», tenna bål med flint og stål, veving med stativ, «Viking-skattejakt» på Lægreid og «Vil du bli arkeolog?» - sandkasse med ulike «funn» (perler osv.) for småborn.

## Tunet på Haugen – «Grindalø»:

### «Gropekokt reinsdyrkjøt»: Kjenn smaken av vikingane sin festmat

Reinsdyrkjøt groovekokt på tradisjonelt vis vert servert under heile festivalen. Ei eksklusiv vikingmatoppleveling med harpekonsert frå Lene Helisir.

## «Dokumentar vikingskipbygging»

Hardraade Vikingskipforeining syner videoen om bygging av fullskala vikingskip i Sundvollen i «Grindalø».

## Aktivitetar med fokus på barn og ungdom:

Ein 2000 år gammal byggeteknikk, som også vikingane brukte, er nå teke inn i Unescos kulturarvliste.

«Hardraade Vikingskipforening» fra Ringerike stiller med ein stand på festivalen. Dei skal syna fram vikingskipbygging! Aktivitetane retter seg mykje mot born og unge. Dei har med seg eikestokk til kløyving og det blir tradisjonelt handverk, som tømring av plank, smiing av

naglar, produksjon av tjære, plankehogging, treskjæring og mykje meir.

Foredrag på Norsk Natursenter: «Ei reise gjennom den geologiske historia til Noreg, istidene som har forma landet og lokal geologi frå Hardangervidda.» - Jonas Kristensen Kimerud.

Harald og Mari Foss er kjent for fremføring av folkemusikk og held konserter under heile festivalen med instrument som går tilbake til vikingtida.



©Felix Horn

## I tillegg har me:

- Vikingleikar for små og store
- Flatbrødsteiking på vingers vis
- Bogeskyting og demonstrasjon
- Ansiktsmaling, dans og eldshow
- Historieforteljing

Kjell Braaten skal halda barneforestillingar: rundt bålet fortel han om lyd og musikk i gamle tider. Barn skal få høyra om både kven, kva og korleis. Men ikkje berre det, barn skal også få vera med på

gjettekonkurransar, dans og mykje anna gøy!

«Eventyr i Parken» er eit teaterkompani frå Bergen, som skaper kulturopplevelingar for små og store og har vandreteater på Varbershaugen.

For første gong i Hardanger i nyare tid, samlast handverkarar og artistar i Eidfjord, for å hedra vikingane sine dyktige handverkarar og kunstnarar, og me vil formidla historia slik me kjenner ho i dag:

Sylvsmedar, lêrarbeidarar, tre- og beinskjærarar, keramikarar, perlemakarar, musikarar, dansarar, båtbyggjarar, smedar og skreddrarar frå heile Europa. Dette og mykje meir vil du oppleva på marknaden på Norsk Natursenter i Øvre Eidfjord.

Slå av ein prat med, og opplev desse flinke folka utføra sine handverk, og syna noko av det vikingane var flinke til i sine samfunn på gardar og i grender.

VELKOMEN til hyggjeleg samvær, tre dagar til ende.

## Kontakt:

Hardanger Guide Service AS

Eidfjord Vikingfestival 2022

Tel. +47 45 06 10 78 - Mark

Tel. +47 94 10 09 24 - Claudia

# Spreke damer

Tekst og foto: Anita Sæbø

**Liv Medhus har passert 75 år. Ho trur på trening sidan det styrkar musklane. Det handlar om førebyggjing av helsa, godt for kropp og sjel. Ein skal ikkje sitja i ro og kjenna etter kor det gjer vondt.**

Styrketrening gjer at du vert meir opplagt og taklar kvardagen betre. Liv har berre positivt å si om styrketrening. Ho har gått på treningskurs i styrkerommet arrangert av Eidfjord kommune. Sidan då har ho trent 2-3 gongar i veka. Ho kjenner at ho er vorte sterkare, ho har auka vekta på stonga og. Det er aldri for seint å byrja, sjølv var ho 74 år då ho starta med dette. Pusten har vorte betre etter at ho byrja å trena. Alle «vondtene» er borte. Ho har motivert døtrene sine på Voss. No har begge byrja med styrketrening.

Laila Langeland Hereid har passert 50 år. Ho trener for å halda vekta og kjenna

seg bra. Styrketrening formar kroppen. Ho trener kjernemuskulatur og store muskelgrupper. Ho taklar kvardagen betre og vert meir motstandsdyktig mot stress og kav. Ho angrar aldri på ei treningsøkt. Styrketrening er førebyggjande med tanke på alderdomen. Løping fungerer godt i tillegg. Det er veldig motiverande å trena i lag med andre.

Wiola Koziara har passert 30 år. Ho vert inspirert av andre som trener i styrkerommet. Ho finn og mykje inspirasjon på internett. Det er motiverande å sjå forskjell på seg sjølv før og no. Ho ynskjer å verta sterkare.



Frå venstre: Liv Medhus, Wiola Koziara, Laila Langeland.

## Saman gjer vi det betre

Skal vi ta vare på alt det verdifulle vi har her på Vestlandet, må vi gjøre det saman – for saman gjer vi det betre.

*Saman for ei endå sterkare næring- og samfunnsutvikling i Hardanger.*

Foto: Gettyimages

 Sparebanken Vest

# Minecraft i 1. og 2. klasse på Lægreid skule

Tekst: Susann Hotle Bilete: Skjermdump frå Minecraft/Susann Hotle


Minecraft er eit digitalt spel som me brukar i undervisninga. Målet med spelet er å byggja ulike ting berre ved å bruka firkanta klossar, desse kallar me «blokker». På skulen nyttar me spelet i kreativ modus, slik at elevane har eit stort utval av ulike fargar og materiale å velja mellom når dei byggjer. Ein kan på mange måtar samanlikna spelet med digitale legoklossar.

Samarbeid er viktig når me jobbar med Minecraft. Alle elevane deltek i same digitale verd, noko som opnar for gode samtalar om det elevane byggjer. I nokre oppgåver samarbeider elevane om byggverka sine, og då vert arbeidsdeling, utforming, fasong og fargeval flittig diskutert.

I vår har 1. og 2. klasse hatt eit felles arbeidsprosjekt i Minecraft. Utgangspunktet var skriveopplæring, med fokus på å skriva setningar med stor bokstav og punktum. Elevane brukte Minecraft til å byggja ulike hus, der ein person skulle bu. Vidare skulle elevane skriva setningar om huset og dikta om kven som budde der. Dette var ei kjekk oppgåve som dei engasjerte elevane jobba iherdig med!



Byggverk laga av 1. og 2. klasse.



Elevane jobbar med å skriva om huset sitt.

# Turdag til Øvre Eidfjord


Tekst: Susann Hotle Bilete: Trude Brekke

27. april tok heile småtrinnet ved Lægreid skule turen til Øvre Eidfjord. Temaet for dagen var våreteikn. Fyrst tok me turen for å sjå på alle dei fine, nyfødde lamma som var kome ut av fjøset. Turen gjekk vidare

mot Lund, før me gjekk til Steinberg bru og opp til Varbergshaugen. Undervegs jobba elevane med ein vårbingo, der dei skulle sjå etter ulike våreteikn i naturen. Me hadde ein flott tur i nydeleg vêr!



Kjekt å sjå på lamma.



Me fann mange spennande insekt på turen.

# Kulturprisen 2022

Tekst: Anders Vatle

**1993 vart Kulturprisen i Eidfjord oppretta. Fyrste tildeling av prisen skjedde i 1994, og den vart då gitt til Lillian og Einar Eriksen for deira innsats spesielt knytt til småbanecupen. I 2002 vart statuttane for prisen endra og den kan no delast ut anna kvart år.**

Framlegg på kandidatar skal meldast innan 1. april det året den vert delt ut, og det er formannskapet som tildeler.

## Retningslinene for prisen lyder slik:

Kulturprisen skal gå til ein person, grupper eller frivillige lag som har gjort seg fortent til prisen gjennom stor frivillig innsats for kulturlivet i Eidfjord. Forslag til kulturprismottakar skal vera skriftleg, grunngjeve og signert avsendar. Avsendar og føreslegne kandidatar er ikkje offentleg. Endeleg vedtak er offentleg. Kulturprisen vert utdelt 17. mai.

## Grunngjevinga for årets mottakar:

- Heilt sidan Evjo Aktivitetssenter starta opp i 2014 har han vore ein krumtapp i arbeidet. Han er ein altmoglegmann både med det praktiske i aktivitetssenteret og alt rundt. Han er sentral i ein stor dugnadsinnsats som resulterte i aktivitetssenteret.
- Han er ein aktiv fotograf og veldig flink å dokumentera dei aktivitetar han er med på. Andre nyt godt av desse biletseriane på årsmøte og i andre samanhengar
- Han tek ansvar, og vert gitt ansvar. På grunn av dette kan det sjå ut til at han ofta endar opp som kasserar der han engasjerar seg.
- Bygdaheimen. Han har hatt og har eit sterkt engasjement for aktivitet for bebruarane på og rundt bygdaheimen.
- Herrekubben med ansvar for vaf-felpressa som eit døme
- Frukostvert i helger på bygdaheimen er eit anna døme



Fortent kulturpris til Hans Hellevang. Foto: Åshild Djønne Eriksen

- Historielaget der han er eit aktivt medlem
- Han er medlem av soknerådet
- Han har vist eit stort engasjement og bidrige med utalege dugnadstidmar på gamleskulen på Bu

Det er i år Frivilligheitens år, med den grunngjevinga som nettopp vart referert, om det er nokon som skulle vera i tvil:

Det er veldig kjekt å dela ut Kulturprisen 2022 til Hans Hellevang!

Gratulera!

# 17. mai i Eidfjord



I 17.mai-feiringa er for alle. Foto: Åshild Djønne Eriksen



Ordførar Anders Vatle held tale for dagen.  
Foto: Åshild Djønne Eriksen




Kjekt med levande musikk. Foto: Åshild Djønne Eriksen



Kan det verta flottare? Foto: Timo Knoch



Snart klar for bilkortesje bygda rundt. Foto: Per-Georg Riber



Bygdaheimen er, som alltid, ein av stoppestadene.  
Foto: Timo Knoch



*Stolt ordførar med feiande flott folketog. Foto: Timo Knoch*

# Gravearbeid på Lægreid


Tekst og foto: Åshild Djønne Eriksen

**Det har i vår og sommar vore fleire gravearbeid på Lægreid.**

Inst i Kyrkjevegen er pumpeleidning for avlaup som vart lagt ned i samband med gang og sykkelvegprosjektet på Soget no sluttført på denne parsellen. Dermed vert avlaupsvatn frå hus langs strekninga no kobla til offentleg avlaup. Pumpeleidning gjennom Eidfjordvatnet er ikkje lagt enno, men det er lagt til rette for at dette kan skje i framtida. Det er og lagt ned ei ny vassleidning som vil betra forsyningstryggleiken av drikkevatn ved arbeid på drikkevassnettet.

Bakken opp til Øvrehagen er arrondert terrenget slik fortau kan førast ned heile bakken og få gangfelt over til Kyrkjevegen. Etter sommaren vil fortauet verta klart med kantstein, rekkverk og asfalt.

I Lægreidsvegen skal det leggjast leidning for betre sløkkjevassdekning til gamlekyrkja, samt vatn og avlaup til eksisterande eigedomar og til regulert kommunal bustadtomt ved gamlekyrkja. Her skal det



Arbeid i Kyrkjevegen.



Kum og kablar i Lægreidsvegen.

gravast frå krysset mellom Lægreidsvegen og Kyrkjevegen og heilt opp til der som huset i «Klokargarden» stod tidlegare.

Det vert og lagt ned ny vassleidning i gangveg langs den planlagte urnalunden på Lægreid. Gangvegen vil knyta saman fortau langs Kyrkjevegen med skule/idrottsanlegg på Lægreid på ein god måte.

Alle desse arbeida vil naturleg nok medføra ulemper for dei som ferdast i dette området. Eidfjord kommune prøver å gjera ulempene så små som mogeleg, men det er likevel slik at det vil vera negative konsekvensar for dei som ferdast i området medan arbeida pågår. Me håpar likevel at folk ser positivt på tiltak som gjer infrastrukturen vår betre, skulevegen tryggare og nærmiljøet finare. Eidfjord kommune ber og om at alle respekterer skilt, gjerde eller sperring som er sett opp rundt anlegga. Dette er for å ivareta alle sin

tryggleik. Anleggsområda er ikkje nokon leikeplass for store eller små. (Eidfjord kommune bed alle som nyttar seg av omkjøringsvegar om å tilpassa farten etter forholda).



«B2 brekko».



*Underveis i arbeidet med nedgraving av dunkar.*

# Prosjekt på Drift & Forvaltning

Tekst og foto: Drift & Forvaltning

## Nytt avfallshandteringspunkt i sentrum:

Midt i mars måned opna Eidfjord kommune ny avfallshandtering med kjeldesortering i sentrum av Eidfjord. Negravde dunkar skal erstatta mange små bosspinn i sentrum, og målet er å halda sentrum reinare. Returpunktet tek imot restavfall, papir og glass/metall og plasseringa er valt utfrå kvar det oppheld seg mykje folk og kvar det er hensiktsmessig å tøma. Ladepunkta til EL-bilar i sentrum generer mykje folk og ferdsel, samt at tusenårspllassen er ein naturleg samlingsplass midt i sentrum.

Vert denne løysinga ein suksess, kjem det kanskje fleire returpunkt i kommunen på sikt.



*Ferdig montert avfallsystem. Avfallsdunkane tek seg godt ut i sentrum.*



## OPNINGSTIDER SOMMAR 2022

**Frå 23.06 – 31.08**

**Måndag til fredag  
kl. 09.00 – 20.00**

**Laurdag  
kl. 09.00 – 18.00**

**Frå 01.09 – 31.12**

**Måndag til onsdag  
kl. 09.00 – 18.00**

**Torsdag og fredag  
kl. 09.00 – 20.00**

**Laurdag  
kl. 09.00 – 18.00**

**GOD SOMMAR!**

## GALLERI N. BERGSLIEN – UTSTILLINGAR I 2022

**21. april – 5. juni**

Tove Sundt-Hansen «Urkraft Spydbæreren»

**25. juni – 21. august**

Hardingpuls «Fjordens pianorama»

**01. september – 02. oktober**

Jubileumsutstilling

### Opningstider

**Laurdag og sundag (23/4 – 10/6)**

12.00 – 16.00

**Dagleg (11/6 – 21/8)**

11.00 – 17.00

**Laurdag og sundag (22/8 – 02/10)**

12.00 – 16.00

**Cruiseskip (08/4 – 10/6 & 22/08 – 29/10)**

12.00 – 16.00



Fyrst kjem Sutenut. Akryl. Målar: Tove Sundt-Hansen



*Uansett kor du ferdast i sommar – hugs å sortera bøset!*

Alt du kjeldesorterer kan bli til noko nytt. Då sparar me råstoff, energi og miljø.

**Opningstider for miljøstasjonane i IHM- regionen:**

<b>Eidfjord</b>	Mån	12.00 - 18.00
<b>Ulvik</b>	Tys	12.00 - 18.00
<b>Granvin</b>	Ons	12.00 - 17.30
<b>Voss</b>	Mån – ons og fre: Tors	07.30 - 15.30 07.30 - 18.00

**Laurdagsope:** miljøstasjonen på Voss har ope ein laurdag i kvar månad. Sjå ihm.no for meir informasjon

IHM er et samarbeid mellom kommunene Eid, Fjell, Granvin, Haukeland, Jondal, Lærdal, Ulvik og Voss.

**På naturen si side**

Få tips til å sortera rett på [sortere.no](http://sortere.no)

56 52 99 00 | [ihm@ihm.no](mailto:ihm@ihm.no) | [www.ihm.no](http://www.ihm.no)





## Velkomne til markering av **Galleri N. Bergslien** sitt 20-årsjubileum

1.-3. september 2022 markerer Galleri N.Bergslien sitt tjueårsjubileum som skulle funne stad hausten 2021. Me ynskjer alle hjarteleg velkomne til å vitja markeringa som skal finna stad i tre dagar.

Det vert opning av ei jubileumsutstilling som syner verk Eidfjord Kommune har kjøpt inn i løpet av tjue år, lansering av ein nylaga informasjonsfilm om Nils Bergslien, CD-slepp knytt til pianoet som er utsmykka av Bergslien og Lars Kinsarvik og ope tun på Bergsliskorane med enkel servering.

Meir informasjon, flyers og plakatar kjem etterkvart.

Vel møtt!

## Program

### 1. sept

- 18:00 Opning av jubileumsutstilling  
Galleri N. Bergslien

### 2. sept

- 18:00 "Ein meister med fargar"  
Lansering av informasjonsfilm  
om Nils Bergslien, Eidfjord Kino

### 3. sept

- 11:00 "Ein meister med fargar" (kino)  
12:00 "Ein meister med fargar" (kino)  
13:00- Ope tun på Bergsliskorane  
15:00 med enkel servering m.m

**GALLERI**  
**N.B**  
*W. Bergslien*

# Maurset Landhandel

Tekst og foto: Bjørn Kåre Engseth

**P**etya Todorova Engseth tek over som drivar av Maurset Landhandel f.o.m. 1.juni, med Bjørn Kåre Engseth som «hjelpar».

Maurset Landhandel er ein del av konseptet Snarkjøp. Butikken opna i desember 2020, og er open kvar dag 07 – 23. Kundegrunnlaget er nokre fastbuande, hyttefolk, handverkarar og reisande. Det er fleire ladestasjonar ved butikken og fleire under oppføring. Det er ein sjølvbetent butikk som kan overvakast frå PC/telefon i heile opningstida, men det er som oftast folk fysisk tilstades på dei tidene det er mest trafikk. I fyrste omgang håper me å skapa ein trygg arbeidsplass for Petya, og seinare håper me å utvida med fleire stillingar. I sommar har me og ein handfull med ungdomar i sommarjobb.



Ein av dei sjølvbetjente kassane og skapet med tobakksvarer og medisinar.  
Dette kan kun opnast etter alderskontroll.



Petya Todorova Engseth vert dagleg leiar, og Bjørn Kåre Engseth vert hjelpar. Saman tek dei over frå 1.Juni. I tillegg kjem dei 3 døtrene våre til å hjelpa til i butikken.

## Informasjon frå Eidfjord Kommune

# Nytt om Tinnhølvegen

Tekst: Gunnar Elnan

### Dette er ein underveisinformasjon av prosjektet:

Tilrettelegging, styring av ferdsel og informasjon for Tinnhølvegen frå Tråastølen til parkeringsplassen ved Tinnhølvegen. «Verdiskaping på villreinen, miljøet, lokalsamfunnet og besøkjande sine premissar» Med bakgrunn i etableringa av europeiske villreinregionar etablerte Klima- og miljødepartementet programmet «Villreinfjellet som verdiskaper» med formål å stimulera til brei verdiskaping. Det er føresett at prosjektet skal leggja opp til brei og bêrekraftig verdiskaping der økonomisk, sosial, miljømessig og kulturell verdiskaping inngår.

### Kva er gjort til no

Prosjektet er no i sitt andre år av tre. I 2021 starta arbeidet med å etablara styringsgruppe, engasjera prosjektleiar og skaffa økonomisk ramme. Styringsgruppa består av;

Asle Øydvin og Lars Kristian Eidnes, Eidfjord fjellstyre Marita Meling Garen, Nordre Bjoreidalen grunneigarlag Eirin Sandstå Kvale og Gunvall Medhus, kommunestyret Marit Stadheim, Destination Eidfjord Øistein Aasland, Statsforvaltaren i Vestland.

Det vart og starta arbeid med avgrensing av parkeringsplassar langs Tinnhølvegen i 2021. Dette arbeidet vart gjort i samarbeid med vedlikehaldsarbeid kommunen utførte. Tiltak i prosjektet i 2022 er finansiert av Eidfjord kommune som prosjekteigar, Miljødirektoratet og Statskog.

### Prosjektområdet og avgrensing

Fysiske tiltak er avgrensa av planområdet for reguleringsplanen for Tinnhølvegen frå Tråastølen til og med parkeringsplassen ved Tinnhølvegen. Tiltak med start innanfor planområdet, t.d. stiar og avgrensing av parkering, kan medføra tiltak utover prosjektområdet.

### Bakgrunn og føringar

Prosjektet sitt faglege grunnlag i forhold til villreinens leveområde er i hovudsak tufta på;

- Kvalitetsnorm for villrein
- Regional plan for Hardangervidda

- Besøksstrategien, dette er ei tinging frå Miljødirektoratet til Statsforvaltaren i Vestland. Arbeidet med besøksstrategien har vore arbeidd med i fleire år og er tenkt som eit vedlegg til eksisterande forvaltningsplan.
- Eidfjord som Nasjonalparkkommune. Målsettinga er at nasjonalparkane skal trekka til seg fleire besøkande og verneområda skal få eit betre vern noko som igjen skal føra til større verdiskaping. For å få dette til må kommunen ha eit målretta arbeid med konkrete tiltak. Dette må synleggjera i kommunen sitt planarbeid.

### Kva er planlagt gjort i 2022

- Fullføra avgrensing av moglegheit for parkering og køying ut i terrenget langs Tinnhølvegen. Arbeidet vert i hovudsak gjort med fysisk stenging.
- Bidra til skilting av parkering og parkering forbode langs vegen. I reguleringsplanen er det 4 sonar der det er reinstrekk. I desse sonane vert det skilta parkering forbode.
- Informasjon ved innkøyringa ved Tråastølen. Noko av intensjonen med prosjektet er å styra ferdsla til område i nærleiken av Rv 7. Dette ynskjer prosjektet gjort med informasjon. Det vert truleg og lagt til rette for rasting i tilknyting til informasjonen.
- På parkeringsplassområdet ved Tinnhølvegen skal det informerast om nasjonalparken, skikk og bruk og verdiar i fjellet. Vidare skal det tilretteleggjast for fiskeplass for rørslehemma, pluss anlegging av fiskesti.
- Engasjera tilsyns- og informasjonsmedarbeidar i juli og august. I samarbeid med Hardangervidda Fjelloppsyn vert ein person engasjert til å informera og rettleia brukarane av vegen og parkeringane. Endringane av moglegheit til parkering vil nok mange merka. Prosjektet meiner difor det er viktig å ha ein medarbeidar som kan rettleia og informera. Engasjementet omfattar og noko fiskeoppsyn i området og deltaking i arbeidet med konkrete tiltak som skal gjennomførast.

# Kinolisten juni 2022

Det kjem sensur og speletid når det nærmar seg dato for visning av filmen. Info finst på [www.filmweb.no](http://www.filmweb.no)


Kinoen er STENGT i perioden 27/6 – 27/8. Første film etter ferien er 28.august!



26.juni kl.18.00

**BELLE**

9 år / Selmer Media / Speletid: 2t01min



26.juni kl.20.00

**ELVIS**

SF Norge A/S



12 juni kl.20.00

**JURASSIC WORLD – DOMINION**

Speletid: 2t.26min / Byrå: UIP



19.juni kl.18.00

**LIGHT YEAR**

Walt Disney Company Nordic



19.juni kl 20.00

**MEMORY**

15 år / SF Norge / Speletid: 1t.54min



12.juni kl 18.00

**VERDENS BESTE BURSDAG**

Storytelling Media / Speletid: 1t15min